

Veitastrond Bygdalag
v/ Asbjørn Nes
6878 Veitastrond

28.08.2017

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
v/Fylkesordførar Jenny Følling

Vedrørande tilskot til drift av luftputebåten og beredskapen på Veitastrond

Sogn og Fjordane Fylkeskommune har i nokre år gjeve eit tilskot på kr 90 000,- pr. år til Veitastrond Bygdalag som kompensasjon for at Bygdalaget har hatt luftputebåten i høg beredskap kvar vinter i tilfelle kritiske hendingar når fylkesvegen inn til bygda har vore sperra av ras.
For Veitastrond Bygdalag har dette vore ei stor utfordring, men med mykje frivillig dugnadsinnsats har vi makta å halde luftputebåten i god stand og med høg beredskap.

Dei siste åra har Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Staten gjort store investeringar i rassikring på fylkesveg 337 inn til Veitastrond.

Dette er sjølv sagt svært gledeleg og vi må forvente at luftputebåten vil bli mykje mindre brukt i åra som kjem.

Likevel vil det og i framtida oppstå situasjonar der bygda vil bli isolert i mange dagar og det vil bli behov for å frakte personar og gods på isen på det regulerte Veitastrondvatnet, der det berre vil vere luftputebåt som duger.

Det er vel kanskje ikkje hensiktsmessig å halde luftputebåten i så høg beredskap som vi har gjort fram til no, for å ivareta slike framtidige transportbehov.

Det som uroar mange på Veitastrond, som er inne i ei utruleg positiv utvikling, er at det i samband med därleg vær om vinteren med påfølgjande vegstenging oppstår ei krisetilfelle i bygda. Det kan vere ei ulykke eller alvorleg sjukdom og bygda er totalt isolert. I slike tilfelle vil til og med det å reise ut med luftputebåten vere ein «risikosport»

Det som er svært positiv i den samanhengen er at Noreg no får nye redningshelikopter som kan operere i mørke og allslags vær.

Eitt av desse helikoptera vil bli stasjonært i Florø og ifølgje redningssentralen i Florø vil deira helikopter kunne vere på Veitastrond på under ein time i nesten allslags vær og i mørke. Vilkåret for dette er at det er ein opparbeidd landingsplass med tilfredsstillande lyssetting og at det vert utarbeid prosedyrar for innflygingstraseen.

For Veitastrond vil dette vere ein tryggleiksrevolusjon.

Veitastrond Bygdalag har derfor som intensjon å bygge og vedlikehalde/drifte ein slik landingsplass. Dersom vi skal makte det, er det heilt naudsynt at vi får behalde tilskotet på kr 90 000 pr. år frå Fylkeskommunen og i framtida.

Vi vil då i tillegg til å driftet og vedlikehalde denne helikopterlandingsplassen og halde luftputebåten operativ, men med litt lågare beredskap enn vi har i dag.

Håpar Sogn og Fjordane Fylkeskommune kan støtte denne søknaden, då et vil bety svært mykje for Veitastrond og gjer at den positive utviklinga i bygda vil halde fram.

Mvh

Asbjørn Nes
-leiar Veitastrond Bygdalag-
Tlf 99 10 19 35